

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 14. februar 2019
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 2 og 3

SAKLISTE:

- 01/19 Godkjenning av protokoll frå møte 08.11.18**
- 02/19 Referat- og orienteringssaker 14.02.19**
- 03/19 Oppfølging av revisjonsrapport – «Forenkling, forbedring og effektivisering»**
- 04/19 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Klima og energiplan»**
- 05/19 Revisor si eigenerklæring**
- 06/19 Årsmelding for kontrollutvalet 2018**

Ymse

Aksdal, 07.02.19

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 2 og 3)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.19	01/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.11.18

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 08.11.18

Saksorientering:


Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.11.18 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 08.11.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 07.02.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **8. november 2018** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiding av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 13.30, inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf), Otto Underbakke (H), Berit Myrland (SV) og Tormod Skeie (SV)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen i sak 21. Kommunalsjef Grethe Anglevik, sjukeheimslege Tina Sparchholz og kommuneoverlege Harald Bjarne Hellesen i sak 20, pkt. 28
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: sak 20, pkt. 28, 19, 20, 22, 21, 23, 24 og Ymse

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 19/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL 06.09.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 06.09.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.18:

Utvalet vart samd om at delar av setninga under handsaming av sak 17/18 skulle strykast. Det gjaldt «og at neste prosjekt vert «IKT». Utvalet hadde elles ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.18:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 06.09.18 blir godkjent slik han ligg føre med ovannemnde endring.

SAK 20/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.11.18

28. Oppfølging av bekymringsmelding v/kommuneoverlege Hellesen
29. Statusoversikt pr. november 2018
30. Kst. vedtak 18.09.18, sak 48/18 – rapport om «Oppfølging av politiske vedtak»
31. Program/påmelding for haustkonferansen i Sandnes 22.11.18
32. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet
33. Kommunal rapport – svar frå professor Bernt – retten til å stille spørsmål til ordførar
34. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysning av møter i folkevalgte organ
35. Rapport frå tilsyn med kommunens helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming – Fylkesmannen i Rogaland
36. Varsel om tilsyn ved Sand skule sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering – Fylkesmannen i Rogaland

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.18:

Pkt. 28 – oppfølging av bekymringsmeldingar - kommuneoverlegen

Kommuneoverlege Hellesen orienterte om situasjonen slik den var no eit år etter sist han var i kontrollutvalet. Kommunalsjef Grethe Anglevik og sjukeheimslege Tina Sparchholz kommenterte saken. Utvalet ønskte å be rådmannen forsetja arbeidet med å fremja god samhandling mellom helsetenesta og pleie- og omsorgstenesta.

Leiar gjorde greie for referatsakene 30 – 37. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.18:

Pkt. 28

Suldal kontrollutval tek informasjonen frå kommuneoverlegen til orientering og ber rådmannen forsetja med å fremja god samhandling mellom helsetenesta og pleie- og omsorgstenesta.

Pkt. 29 - 36

Referatsakene 29 – 36 blir tatt til orientering.

Berit Myrland, Eldbjørg Sivertsen og Tormod Skeie deltek på haustkonferansen i Sandnes.

SAK 21/18 ORIENTERING OM BUDSJETTFRAMLEGGET FOR 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019 og økonomiplan 2019-2022 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.18:

Rådmannen orienterte og viste presentasjon han hadde nytta ved budsjettframlegginga for kommunestyret. Medlemmene fekk svar på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.18:

Suldal kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019 og økonomiplan 2019-2022 til orientering.

SAK 22/18 TINGING AV NYTT REVISJONSPROSJEKT – «EIGARSKAPSFORVALTNING»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Eigarskapsforvaltning» i samsvar vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 150 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.18:

Utvalet sluttar seg til framlegget med eit ønskje om at og enkelte styremedlemmer i dei interkommunale selskapa vert intervjuar. Revisor noterte seg innspelet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.18:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Eigarskapsforvaltning» i samsvar vedlagte prosjektmandat.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 150 timar.

SAK 23/18 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2019:

Torsdagar kl. 10.00: 14.02, tysdag 30.04, 06.06, 05.09, 21.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.18:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.18:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2019:

Torsdagar kl. 10.00: 14.02, tysdag 30.04, 06.06, 05.09, 21.11.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 24/18 VAL AV NYTT REVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll av «xxxxx» i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 08.11.18:

Utvalet drøfta kva dei skulle velje og vart samd om å følgje planen. «Klima og miljøplan» var nr 4 og neste på den prioriterte lista.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.18:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av «Klima og miljøplan» i neste møte.

YMSE

IKT og informasjonstryggleik

Otto Underbakke ønske, med bakgrunn i at han hadde funne informasjon som var unntatt offentlegheit tilgjengeleg på kommunen si heimesida, at rådmannen skulle orientere utvalet om arbeidet med IKT og informasjonstryggleik i neste møte. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.18:

Suldal kontrollutval ber rådmannen orientere om arbeidet med IKT og informasjonstryggleik i neste møte.

Neste møte: torsdag 14.02.18, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 08.11.18

Vanja Ignjatic
Leiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.19	02/19
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.02.19

1. Orientering om IKT og informasjonstryggleik v/rådmannen
2. Statusoversikt pr. februar 2019
3. Tertialrapport pr. 31.12.18 frå Rogaland Revisjon IKS
4. Årsrapport og skatterekneskap 2018 frå Skatteoppkrevjaren i Suldal
5. Oversikt over statlege tilsyn i 2019 – frå Fylkesmannen i Rogaland
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 20.12.18
7. Evaluering/oppsummering av høstkonferansen i Sandnes 22.11.18
8. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutvalg 07.11.18
9. Kom. rapport 15.01.19 – prof. Bernt svarer – valg av representantskap til et IKS
10. Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokratiet - Kommunal Rapport 31.01.19

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene 1 - 10 blir tatt til orientering.

Aksdal, 07.02.19

Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Suldal kommune
v/rådmannen
Eidsvegen 7
4230 SAND

Dykkar ref.

Dykkar dato

Vår ref.

18/369/33/ogh

Dato

13.11.18

OVERSENDELSE AV VEDTAK I KONTROLLUTVALGET

Vedlagt følger særutskrift fra møtet i Suldal kontrollutvalg 08.11.18, sak Eventuelt.

Kontrollutvalget gjorde følgende vedtak i saken:

Suldal kontrollutval ber rådmannen orientere om arbeidet med IKT og informasjonstryggleik i neste møte.

Neste møte i Suldal kontrollutvalg er 14.02.19. Sekretariatet ber om å få eventuelt skriftlig materiale som skal følge saken i god tid før møtet, og senest 05.02.19.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt direkte med utvalgssekretær på tlf. 52 75 73 53 eller e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Med helsing
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalssekretær

Vedlegg: særutskrift sak Eventuelt 08.11.18



Kontrollutvalet - statusoversikt februar 2019

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Klima og energiplan	14.02.19	180 timar	Prosjektplan er ferdig	Hausten 2019	
Selskapskontroller					
Eigarskapsforvaltning	08.11.18	150 timar	Under utarbeiding	Våren 2019	

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Oppfølging av politiske vedtak	09.11.17	06.09.18	18.09.18	April 2019	200 timar
Forenkling, forbetring og effektivisering	25.04.17	26.04.18	15.05.18	14.02.19	200 timar
Ny personvernlov	26.04.18	06.09.18			

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	04.02.14	11.02.15/ 19.05.15	
Arbeidsgjevarrolla	21.11.13	19.06.14	09.09.14	29.04.15/ 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16/ 13.12.16	
Pleie og omsorg	15.09.16	16.02.17	21.03.17	01.02.18/ 22.03.18	
Selskapskontroller					

SULDAL KOMMUNE

Periode rapportering 31.12.2018

Kunde	Måned												Tot. timer	Tot. sum eks mva
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12		
Suldal kommune - regnskapsrevisjon 2018														
Suldal kommune - bekreftelser/attestasjoner 2018	31	8,5	81	29	8	3,5		8,5	8	2	12,75	40,25	232,50	211 575
Suldal kommune - kontrollutvalg 2018	0,5	7	12,5	10,5	4	5		5,5		6	11,75	4	79,25	72 118
Suldal kommune - rådgivning	0,5	1,5		10					10		10		37,50	34 125
Suldal kommune - forvaltningsrevisjon					0,5	4,5				10	11		28,00	25 480
Suldal kommune - innsparing, effektivisering og forenkling	14	10,5	17	55	4								4,00	3 640
Suldal kommune - oppfølging av politiske vedtak	1			16,5	71	81	2	16	4				96,50	87 815
Suldal kommune - eigerskapsforvaltning									8	1	48	7	191,50	174 265
Total sum	47	47,5	111	121	87,5	94	2	30	30	19	93,5	51,25	733,25	667 258

SULDAL	FR	RR	ATT	KU	RAD	TOTALT	SUM
B 2016	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	521 950
R 2016	280,0	191,5	82,0	51,5		605,0	485 815
B 2017	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	526 500
R 2017	208,5	229,0	85,0	25,5		548,0	443 880
B 2018	400,0	250,0	80,0	50,0		780,0	709 800
R 2018	356,0	232,5	79,3	37,5	28,0	733,3	667 258
B 2019	400,0	250,0	80,0	50,0		780,0	748 800

Budsjett 2019:

Budsjettet fra tidligere år er videreført og vedtatt som et rammebudsjett. Timeprisen er økt med kr 50,- slik at timepris blir kr 960,- + mva for kommuner og kr 1 015,- + mva for andre. Nye priser gjelder fra 01.01.2019. Styret behandlet saken 05.09.2018 mens representantskapet behandlet saken 25.10.2018.

Forbruk 2018:

I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2017 gjennomført og interimsrevisjonen for 2018 tilnærmet ferdigstilt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for seks terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. ressurskrevende brukere. Av forvaltningsrevisjon er prosjektet om innsparing, effektivisering og forenkling, samt et prosjekt om oppfølging av politiske vedtak levert.



Årsrapport for 2018

Skatteoppkrevjaren i Suldal kommune

1. Generelt om skatteoppkrevjar si verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Skatteutvalg	3
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen	3
2. Skatterekneskapet	4
2.1 Avleggelse av skatterekneskapet	4
2.2 Vurdering av skatteinngongen	4
2.3 Margin	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklinga	5
3.2 Innfordringens effektivitet	7
3.3 Særnamskompetanse	7
4. Arbeidsgjevarkontroll	8
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	8
4.3 Resultatar frå kontrollane	8
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	8
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak	8

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse

Organisering

Kontoret har hatt i perioden 01.01.2018 – 31.12.2018 ein tilsett i 100% stilling som i stor grad har utført arbeidet innan skatt og innkrevjing.

Kontoret har 2 personer som utfører oppgåver med betaling og bank.

Ressursar

For 2018 har skatteoppkrevjarkontoret nytta 1,3 årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt.
Skatteregnskap	0,3	23,0 %
Innfordring	0,5	38,5 %
Arbeidsgiverkontroll	0,3	23,0 %
Administrative oppgåver	0,2	15,5 %
SUM	1,3	100 %

Vurdering av ressursituasjon og kompetanse

Situasjonen med ressursbruk og kompetanse innan skatteområdet er tilfredstillande.

Arbeidsgjevarkontrollen har tilstrekkelig med ressursar, og kontrollgraden er innanfor normene.

1.2 Internkontroll

Det er utarbeid rutineskildring, plan for verksemda og dokumentasjon av internkontroll for kontoret. Det er utarbeid rutineskildring for dei fleste områda i Sofie, dette arbeidet fortsett i 2019.

1.3 Skatteutvalet

Der vart ingen saker til skatteutvalet i 2018.

1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen, jf. rapport datert 20.11.2018.

Skatteoppkrevjarkontoret er ikkje gitt pålegg som følgje av kontroll.

2. Skatterekneskapet

Skatteoppkrevjarens arbeid med skatterekneskapet omfattar regnskapsføring, rekneskapsrapportering, behandling av inn- og utbetalningar, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorane.

2.1 Rapportering av skatterekneskapet

Skatteoppkrevjaren bekreftar at skatterekneskapet for 2018 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjar av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

Årsrekneskapen for 2018 følgjer som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsrekneskapet visar skatteinngangen for regnskapsåret 2018.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til føregående rekneskaps år

Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2018	kr 583 132 536
Sum total skatte- og avgiftsinngang år 2017	<u>kr 577 279 074</u>

Differanse – meir inngang i 2018 enn 2017	<u>kr 5 853 462</u>
---	---------------------

Differansen fordeler seg slik:

Arbeidsgivaravgift	auke	kr	1,977 mill
Kildeskatt		kr	0,000 mill
Naturressursskatt	auke	kr	59,978 mill
Personlege skattytarar	auke	kr	7,935 mill
Tvangsmulkt	auke	kr	0,085 mill
Upersonlege skatteytarar	nedgang	kr	-64,358 mill
Rentar	auke	kr	0,240 mill
Renter/innkrevjing	nedgang	kr	-0,004 mill

Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen 2018	kr 153 606 168
Kommunen sin del av skatteinngangen år 2017	<u>kr 145 448 466</u>

Differanse - meir inngang i 2018 enn 2017	<u>kr 8 157 702</u>
---	---------------------

Auken fordeler seg slik:

Selskapsskatt (nedgang)	kr -47,98 mill
Naturressursskatt (auke)	kr 50,75 mill
Forskotspliktige (auke)	kr 5,39 mill

*Med verknad frå inntektsåret 2018 er det foretatt ein omlegging av ordninga for naturressursskatt. Auken for Naturressursskatt (det er ingen samanlikningstall i 2017, ettersom omlegginga skjer i 2018) må sjåast i samanheng med nedgang i Upersonlege skatteytarar/Selskappsskatt.

2.3 Margin

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2017 og 2018.

	per 31.10.2018 (inntektsåret 2017)	per 31.12.2018 (inntektsåret 2018)
Innestående margin	0	28 368 440
For mye avsett margin		
For lite avsett margin	708 508	
Procentsats	10%	10%

Kommentarar til marginavsetninga

Procentsatsen for margin avsetninga er gyldig frå mars 2006.
Marginavsetninga er tilfredstillande.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutviklinga

Totale restansar og berostilte krav

Tabellen viser totale restansar og berostilte krav for 2018 og 2017, samt endring frå i fjor.

Skatteart	Restanse 31.12.2018	Herav berøstilt restanse 31.12.2018	Restanse 31.12.2017	Herav berøstilt restanse 31.12.2017	Endring i restanse Red(-)/Økning(+)	Endring i berøstilt restanse Red(-)/Økning(+)
Sum restanse pr skatteart	2 210 400	262 731	2 532 745	266 982	-322 345	-4 251
Arbeidsgevaravgift	26 222	-	33 072	-	-8 850	0
Artistskatt	-	-	-	-	0	0
Finansskatt	-	-	-	-	-	-
Forsinkingsrenter	173 137	16 491	227 199	16 491	-54 032	0
Forskotsskatt	28 624	-	-	-	28 624	0
Forskotsskatt person	193 911	-	376 879	-	-182 968	0
Forskotsstrekk	27 518	-	82 379	-	-54 866	0
Gebyr	-	-	-	-	0	0
Innkrevlingsinntekter	34 083	10 359	31 536	10 359	2 527	0
Inntekt av summarkedsfellesoppgjør	-	-	-	-	0	0
Kildeskatte	-	-	-	-	0	0
Restskatt	62 293	-	62 841	-	-548	0
Restskatt person	1557 166	235 881	1608 938	240 132	-51 752	-4 251
Tvangsmulkt	107 461	-	109 851	-	-	-
Sum restanse diverse krav	-	-	-	-	0	0
Diverse krav	-	-	-	-	0	0
Sum restanse pr skatteart inkl diverse krav	2 210 400	262 731	2 532 745	266 982	-322 345	-4 251

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det er ein total reduksjon i restansane frå 31.12.17 til 31.12.18 på kr 322 345. Restansen for restskatt person har gått ned med kr 51 752, og forskotsskatt person har gått ned med kr 182 968.

Det er ein auke i utlikna skatt frå kr 305,2 mill for inntektsåret 2016 til kr 311,2 mill for 2017. Restskatten for 2017 var 3,36 mill høgare enn restskatten for 2016.

Det er ei endring i berøstilt krav på kr -4 251. Vi har hatt ein grundig vurdering av eldre krav og fått berøstilt det som ikkje er mogleg å innkrevje.

Det er avskrive mindre krav som var ikkje mogleg å innkrevje på totalt kr 48 358 – forsinkelsesrenter restskatt, restskatt, trygdeavgift, gebyr.

Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Av dette skatteart "Restskatt – person"
2016	321 001	220 212
2015	230 944	221 208
2014	153 138	148 459
2013 – 19XX	780 671	-----

Kommentarar til restansar og oppfølging av restansar for eldre år

Kommentar til restansar for eldre år:

1 krav på kr 237 605,- med opprinneleg foreldelsesfrist 11.01.2018. Skyldnar har ukjent opphaldsstad dette innebærer at det gis ein ti års tilleggsfrist på eit år av gongen i inntil ti år, jf. foreldelsesloven § 10 nr.1. Krava foreldes derfor seinast i januar 2028.

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Skatteoppkrevjar har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2018. Restanselista blir jevnleg gjennomgått for å sjå om det er tiltak som kan setjast i verk på dei sakene vi ikkje har tiltak. Vi hatt ein gjennomgang av krav og dei som ikkje er mogleg å innkrevje er søkt om å få berostille.

3.2 Effektivitet i innfordringa

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2018

Resultatkravet for restskatt personlege skattytare 2016 var 96,7 %, mens vi oppnådde 98,3 %.

For restskatt upersonlege skattytare var resultatkravet 99,0%, mens vi oppnådde 99,9 %.

Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Det er gjort 2 betalingsavtaler i 2018. I 2017 er inngått 4 betalingsavtaler.

Det er haldt 8 utleggsforretningar i 2018, 6 med resultat «utlegg tatt» og 2 med resultat «intet til utlegg»

Det er gjennomført 24 utleggstrekk i 2018 mot 29 i 2017.

Skatteoppkrevjars eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Skatteoppkrevjaren har ikkje konkrete tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga, men vi prøver alltid å bli meir effektive.

Omtale av spesielle forhold

Det har ikkje vore spesielle forhold i rekneskapsåret som treng særskild omtale.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Suldal nyttar seg fullt ut av særnamskompetansen.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Suldal er med i Haugaland interkommunale arbeidsgivarkontroll som består av kommunane Bokn, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Haugesund og Karmøy. Ordninga består av 5,6 (5,6 i 2013) stillingar der Suldal har ein stillingsandel på 0,3 årsverk.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontroller

Tall planlagde kontroller for 2018 var 8. Dette utgjør 6,2 % av totalt tall opplysningspliktige i kommunen.

Tall gjennomførte kontroller i 2018 var 12. Dette utgjør 9,2 % av totalt tall opplysningspliktige i kommunen.

Tall gjennomførte kontroller i 2017 var 7.

4.3 Resultat frå kontrollane

Det er avdekkja mindre beløp i 2 av 12 kontrollar. Arbeidsgjevaravgiftsgrunnlaget er auka med kr 401 103.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Tall på kontrollar er på eit tilfredstillande nivå. Ei systematisk kontrollverksemd gjennom fleire år, kan synas å gje resultat i form av preventiv verknad.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Det er ikkje gjennomført særskilde aksjonar i 2018.

4.6 Gjennomførte informasjons- og rettleings tiltak

Det er gjeve informasjon i samband med gjennomgang av ettersynet med arbeidsgjevarane.

Sand, 18.01.2019:



Arnfinn Gundersen
Skatteoppkrevjar



Mirela L. Moe
Fagansvarleg Skatt og Innkrevjing

Årsregnskap for Suldal kommune for rekneskapsåret 2018

Avlagt etter kontantprinsippet

	2018	2017
Likvider	31 441 951	29 360 654
Skyldig skattekreditorene	-2 393 411	-1 291 680
Skyldig andre	-680 098	-169 538
Innestående margin	-28 368 440	-27 899 434
Udisponert resultat	-2	-2
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-95 647 709	-93 670 655
Kildeskatt mv - 100% stat	0	-249
Naturressursskatt	-59 977 606	0
Personlige skatteyttere	-316 739 317	-308 803 877
Tvangsmulkt	-234 412	-149 163
Upersonlige skatteyttere	-110 075 019	-174 432 940
Renter	-462 843	-222 799
Innfordring	4 371	610
Sum	-583 132 535	-577 279 073
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	95 647 710	93 670 655
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	93 587 697	94 212 839
Fordelt til Fylkeskommunen	30 729 341	29 397 764
Fordelt til Staten	245 535 301	214 549 350
Fordelt til kommunen	153 606 168	145 448 466
Krav som er ufordelt	-1	0
Videresending plassering mellom kommuner	-35 973 681	0
Sum	583 132 535	577 279 074
Sum totalt	0	

Sand, 18.01.2019



Arnfinn Gundersen
Skatteoppkrevjar

Vedlegg til årsregnskapet for 2018

Årsregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Årsregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet:

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene pga mangelfull informasjon fra den som innbetaler.

- **Innestående margin**

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal det holdes tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal nyttes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, finansskatt, forskuddstrekk fratrullet marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, eventuell naturressursskatt for de kommuner det gjelder, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, tvangsmulkt samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene i henhold til gjeldende fordelingstall.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Videresending plassering mellom kommuner**

Dette gjelder innbetalinger i mellomregning med andre kommuners skatteregnskap. Eksempler er naturressursskatt (innbetalt til kontorkommunen fra 2018, og omfordelt til de skatteregnskaper som har rett på beløpet) og oppgjør av summarisk fellesoppgjør.



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 20.12.2018
Vår ref.: 2018/12786
Arkivnr.: 321

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 20.12.18
Journalført: 18/410/thalgsh
Arkivkode: 216

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland i 2019

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunane og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket, Statens vegvesen og Kartverket. Fylkesmannen samordnar også eigen tilsynsaktivitet med planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.

Vi har utarbeidd eit oversyn over Fylkesmannen og Arkivverket sine planlagde tilsyn i 2019 fordelt på kommunar (sjå vedlegg). Mattilsynet, Kartverket og Skatt vest har ikkje bestemt seg for kva kommunar som vil få planlagde tilsyn ennå, og er derfor ikkje med i oversynet. Sjølv om ikkje alle tilsyna er planlagde ennå, vil vi så langt som råd er, sørge for at belastinga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den einskilde kommunen.

Arbeidstilsynet vil ha eit særleg fokus på arbeidslivskriminalitet og dei utfordringane dette fører med seg i arbeidslivet. A- krimsentret i Stavanger, som dekker heile Rogaland, består av medarbeidarar frå, Arbeidstilsynet, Politiet, Skatt, NAV og Kemneren. Kommunane vil vere av interesse her, jamfør tilsyn med regelverket om offentlege anskaffingar og byggherreforskrifta.

Arbeidstilsynet vil også føre tilsyn med kommunane som byggherre og kommunen som oppdragsgivar. Sistnemnte med utgangspunkt i forskrift om løn- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Arbeidstilsynet vil fortsette næringsstatsinga som omhandlar vald og trugslar innan helse og sosial med tilsyn og rettleiing. Andre næringsaktivitetar i 2019 er bygg og anlegg, transport, overnatting og servering, landbruk, industri og akvakultur.

Arbeidstilsynet vil i 2019 delta i et forskingsprosjekt under leiding av STAMI (Statens Arbeidsmiljøinstitutt) om effekt av tilsynet sitt verkemiddelbruk. Målgruppa vil vere heimesjukepleie og heimehjelp.

Mattilsynet har tre prioriterte område for 2019: leveringstryggleik av trygt drikkevatt, sjukdom, tap og fiskevelferd i akvakulturnæringa og handtering av skrantesjuke. Mattilsynet har generelt eit samfunnsoppdrag med å sikre at eit samfunn der maten er trygg og dyra har det godt og fører tilsyn på alle sine fagområde.

På området drikkevatt vil vi gjere kommunane merksame på at det er viktig å ta omsyn til drikkevatt i plansaker. Vi held fram med å sjå på dyrevelferda for slaktegris. I tillegg ser vi på om dyr som er oppstalla i båsfjøs. Vi fører også vidare vårt bidrag med å oppretthalde ein så gunstig antibiotika-resistens som mogleg ved å fortsetje prøvetaking på svin. I tillegg til tilsyn ved serveringsstader, vil Mattilsynet også sjå på aktuelle institusjonar som tilverkar og serverer spiseklare vegetabla med særskilt risiko.

Arkivverket vil i 2019 ha fokus på kommunar med høg risiko for arkivholdet. Risikomodellen er basert på kriterium som avgjer i kva grad eit organ ser ut til å ha svakheiter ved sitt arkivhald. Kriteria baserer seg mellom anna på informasjon om arkivplan, avlevering/deponering av elektronisk materiale, rutinar for kvalitetssikring, tidlegare tilsyn og bruk av depotinstitusjon.

Statens vegvesen vil i hovudsak utføre risikobaserte tilsyn, retta mot verksemdar der det er sannsynleg å avdekkje lovbrøt. Kva verksemdar som får tilsyn, avheng av kva opplysningar SSV mottok, og/eller kva SSV sjølv avdekkjer i sitt arbeid. Det er eit krav om å vere registrert i SSV sitt parkeringsregister for å kunne tilby vilkårsparkering. Skulle SSV finne at kommunar i Rogaland som tilbyr vilkårsparkering ikkje har registrert seg, vil det bli ført tilsyn med desse.

Kartverket legg opp til at det vert halde minst eitt matrikkeltilsyn i Rogaland i 2019, men ingen kommunar er så langt trekte ut til første runde. Kartverket trekkjer ut eit tilfeldig utval i grupper basert på folketal og fylkesvis fordeling, med unntak av kommunar som står føre ei kommunesamanslåing. Alle kommunane er med i kvar trekking, og det kan føre til at kommunar kan bli trekte ut til nytt tilsyn, kort tid etter førre tilsyn.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er innarbeidde i oversynet som er lagt ved. Her finn de informasjon om kva tema som blir tatt opp. I dette oversynet er også Fylkesmannen sine forvaltningskontrollar innan landbruk tatt med.

Utdanningsavdelinga vil i 2019 gjennomføre felles nasjonale tilsyn (FNT) på ulike område som læringsmiljø, læringsutbytte, spesialundervisning og introduksjonsordninga for nyankomne flyktningar. I tillegg vil vi framleis ha fokus på kommunane si ivaretaking av spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage.

Helsetilsynet har avgjort at det landsomfattande tilsynet med folkehelselova i 2019 skal rettast mot kommunane sitt arbeid med miljøretta helsevern i barnehagar og skolar. Barnehagar og skolar sitt inne- og utemiljø er av stor verdi for helse, trivsel og prestasjonar blant barn og unge.

Det vert også tilsyn med ettervern og samarbeid mellom barneverntenesta og sosialtenesta i Nav, med vekt på brukarmedverknad. I barneverntenesta skal det først tilsyn med tilbod om ettervern frå 18 år, inkludert informasjon og rettleiing om overgangen til vaksenlivet i god tid før fylte 18 år. I Nav-kontoret skal det undersøkjast om unge som har eller har hatt barneverntiltak, blir tilstrekkeleg ivarettatt og får dei tenestene dei behøver.

Fylkesmannen gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Brevet og oversynet finn de og på www.fylkesmannen.no/rogaland. Her ligg Fylkesmannen sin tilsynskalender og endelege tilsynsrapportar, informasjon om Fylkesmannen sine ulike tilsynsområde. Vidare står det om vår samordning av statlege tilsyn og lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Kommunar som ønskjer ein samtale med Fylkesmannen rundt prioritering og gjennomføring av tilsyna for 2019, kan ta kontakt med tilsynskoordinator Maren Skåden på telefon 51 56 88 32 eller på e-post: maren.skaden@fylkesmannen.no.

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Maren Skåden Saksbehandlar telefon: 51 56 88 32 E-post: fmromar@fylkesmannen.no

Fylkesmannen og Arkivverket sine tilsyn og kontrollar med kommunar i Rogaland 2019

FNT/felles nasjonalt tilsyn og LOT/Landsomfattande tilsyn = Nasjonale tilsynskampanjar styrt av sentrale styresmakter (Helsestilsynet sentralt/Utdanningsdirektoratet), utført lokalt

	Kommune/fylkeskommune	Fylkesmannen Helse- og sosial-avdelinga	Fylkesmannen Utdannings-avdelinga	Fylkesmannen Samfunns-avdelinga	Fylkesmannen Landbruks-avdelinga	Fylkesmannen Miljøavdelinga	Arkivverket
	<u>BJERKREIM</u>	1. halvår					
		2. halvår	LOT- Tilsyn med kommunane sitt arbeid med miljøretta helsevern i barnehagar og skuler				
	<u>BOKN</u>	1. halvår					
		2. halvår				Avlaup – forureiningsforskrifta kap 13	
	<u>EIGERSUND</u>	1. halvår					
		2. halvår	LOT- Tilsyn med kommunane sitt arbeid med miljøretta helsevern i barnehagar og skuler				
	<u>FINNØY</u>	1. halvår					
		2. halvår					
	<u>FORSAND</u>	1. halvår					
		2. halvår					
	<u>GJESDAL</u>	1. halvår		Barnehageleva. Spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging.			

	<u>STRAND</u>	1. halvår	LOT-Barneverntenesta sitt tilbud om ettervern og samhandling med sosiale tenestar i nav			Forvaltningskontroll		
		2. halvår						
	<u>SULDAL</u>	1. halvår						
		2. halvår						
	<u>TIME</u>	1. halvår				Forvaltningskontroll		
		2. halvår				Samfunnstryggleik og beredskap		
	<u>TYSVÆR</u>	1. halvår	LOT- Tilsyn med kommunane sitt arbeid med miljøretta helsevern i barnehagar og skuler					
		2. halvår			Tilsyn med elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø: Aktivitetsplikt og førebyggjande arbeid	Forvaltningskontroll (inkl Hagesund)		
	<u>UTSIRA</u>	1. halvår						
		2. halvår				Samfunnstryggleik og beredskap		
	<u>VINDAFJORD</u>	1. halvår						
		2. halvår						
	<u>ROGALAND FYLKESKOMMUNE</u>	1. halvår			FNT utbytte (nord eller sør)			
		2. halvår						Arkivlova og arkivforskriftene.

(16)

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 11.01.19
Journalfort: 19/0018/4th/6
Arkivkode 217

Representantskapsmøteprotokoll for Haugaland Vekst IKS

Den 20. desember 2018 ble det avholdt representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS på Hemmingstad Kultursenter, Haugesund. Møtet startet kl. 10:30

Til stede:

Haugesund kommune v/	Arne-Christian Mohn
Tysvær kommune v/	Ola Apeland
Bokn kommune v/	Lars Alvestad
Utsira kommune v/	Lars Alvestad (fullmakt)
Sveio kommune v/	Jorunn Skåden
Karmøy kommune v/	Jarle Nilsen
Vindafjord kommune v/	Ole Johan Vierdal
Etne kommune v/	Siri Klokkestuen
Sauda kommune v/	Asbjørn Birkeland
Suldal kommune v/	Gerd Helen Bø
Dette arbeidet var godt i gang då rapporten blei laga. Det blir stadig utvikla enkle videoar som er til hjelp for leiarar og andre tilsette som skal gjera administrative

oppgåver eller føra reiserekning. Kursa er no lagt ut på området for einingsleiarar og skal leggest ut på intranettet for allmenn bruk.

Kommunen nyttar også aktivt eigne nettkurs som kjem på mail til tilsette.

I 2019 tek me også i bruk KS læring og KOSTRAhjelp i dette arbeidet. Dette gjer at me kan både nytta ferdig digitalt opplæringsmateriell i lag med vårt eige.


4. Gjennomgang for å kontrollera at tilsette ligg på rett funksjon:

Staben hjå rådmannen starta dette arbeidet umiddelbart etter at rapporten blei vedteke. Det viser seg at me nok har hatt ein tendens til å føra for stor del av stillingar som administrasjon, medan det etter kostrarettleieren skulle vore ført direkte på ei teneste, teneste som t.d. skule, helse eller barnehage. Med verknad frå 1.1.2018 er dette no gjennomført, og det betyr at biletet av kor stor grad av årsverka som er administrasjon vil endrast frå neste rapportering og i neste kommunebarometer.


5. Sjå nærare på funksjonane som gjeld rekneskap, løn, personal, IKT og servicetorg for å sjå om det kan gjerast endringar som er besparande:

Rådmannen har bestilt ein rapport som ligg ved denne saka. I den blir ulike kommunar samanlikna. Det er særleg side 9-19 og side 62-66 som er relevant for vår kommune. Administrasjonen er i gang med å sjå nærare på tala for å vurdere forskyvingar og endringar i organisering. I rapporten blir personalbruk samanlikna med andre kommunar, til dømes lønn, rekneskap, leiging, merkantil politisk støtte, informasjon, IKT, post/arkiv, resepsjon, skatteinnkreving og fleire andre. Dette er nyttige samanlikningar som kan nyttast i internt omstillingsarbeid

Diagrammet under viser at no, etter gjennomført innsparing dei siste tre åra og opprydding i rapportering, så ligg den administrative bemanninga i kommunen heilt på snittet i forhold til samanlikna kommunar.



Diagrammet under samanliknar den administrative bemanninga i forhold til den totale bemanninga i kommunen. Dette er relevant fordi nokre kommunar har svært mange tilsette i forhold til folketallet, og talet på tilsette som skal administrerast betyr noko for administrasjon. Her ser ein at Suldal ligg greitt under snittet for like kommunar.



Vurdering og konklusjon

Forenkling, forbedring og effektivisering er svært viktig for alle organisasjonar, ikkje minst for ein kommune! Administrasjonen vil kontinuerleg arbeida vidare med punkta 1, 2 og 3 frå rapporten for å bidra til gode tenester.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.19	04/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «KLIMA OG ENERGIPLAN»

Vedlegg: «Klima og energiplan» - prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 08.11.18, sak 24/18:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av «Klima og miljøplan» i neste møte.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som er vedlagt saka. Revisjonen har skissert følgjande formål og problemstillingar:

Formål:

Formålet med denne forvaltningsrevisjonen er å vurdere kommunen sin oppfølging av klima- og energiplanen.

Problemstillingar:

- *Korleis drivast kommunen sitt klima- og miljøarbeid?*
- *Kva er status for kommunen si oppnåing av måla i klima- og energiplanen?*
- *Kva er status for tiltaka i handlingsplanen?*
- *Kva for styrings- og rapporteringsordningar nyttar kommunen?*

Rogaland Revisjon IKS vil gjennomføra prosjektet i løpet av våren, for venteleg å levera rapport hausten 2019. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på ca. 180 timar. Det er lagt inn eit budsjett for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på inntil 400 timar i 2019.

Kontrollutvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar til dei føreslåtte problemstillingane dersom utvalet ønskjer det.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Klima og energiplan» i samsvar vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 180 timar.

Aksdal, 07.02.19



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Suldal kommune	Utarbeidet dato/sign.: 21.01.19 EFB	År: 2019
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 21.01.19 CJF	Side: 1 av 2
Sak: Prosjektmandat – Klima og energiplan		

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 22.01.19.
Journalført: 19/4/096
Arkivkode: 216

Bakgrunn

08.11.18 bestilte kontrollutvalet eit mandat om klima/ miljøplan.

I 2012 vart Kommunedelplan for klima og energi vedteken i kommunestyret. Planen gjaldt for perioden 2012-2017. Kommunen oppgjev at planen gjeld enno, men at planen skal verte revidert i 2019.

Kommuneplanen for 2015-2025 inneheld eit kapittel om klima, energi og miljø. Kommuneplanen skildrar tre utfordringar innan klima:

- At utsleppa av klimagassar er høgare pr innbyggjar i Suldal enn i landet.
- Utbygginga av kraftverk har ført til store inngrep i naturen.
- Naturen og kulturlandskapet er under press frå kraftutbygging, hyttebygging, tilgroing, forfall av kulturminne m.v.

Formål

Formålet med denne forvaltningsrevisjonen er å vurdere kommunen sin oppfølging av klima- og energiplanen.

Problemstillinger

- Korleis drivast kommunen sitt klima- og miljøarbeid?
- Kva er status for kommunen si oppnåing av måla i klima- og energiplanen?
- Kva er status for tiltaka i handlingsplanen?
- Kva for styrings- og rapporteringsordningar nyttar kommunen?

Revisor kan justere problemstillingane, dersom dette er naudsynt. Større endringar i problemstillingane må vere avklart med kontrollutvalet.

Revisjonskriterier

Revisjonskriterium er element som inneheld krav eller forventningar, og vil nyttast til å vurdere funna i revisjonsrapporten. Revisjonskriterium skal vere grunngitt i, eller utledet av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.

I dette prosjektet er følgjande kjelder lagt til grunn for utvikling av revisjonskriterium:

- Klima og energiplan 2012-2017 Suldal kommune
- Kommuneplan 2015-2024 Suldal kommune
- Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging. Klima- og Miljødepartementet. 2009.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Suldal kommune	Utarbeidet dato/sign.: 21.01.19 EFB	År: 2019
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 21.01.19 CJF	Side: 2 av 2
Sak: Prosjektmandat – Klima og energiplan		

Metodevalg og avgrensning

Prosjektet vert utarbeidd under leiing av fagansvarleg for forvaltningsrevisjon Christian Jerejian Friestad. Det vert lagt opp til eit tett samarbeid med representantar for kommunen. Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er ca. 180 timar.

Omfang

I prosjektet vil vi nytta oss av intervjuer av aktuelle tilsette/leiing i kommunen. Vi vil også nytte statistikk og dokumentgjennomgang.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.19	05/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING

Vedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarleg revisors uavhengighet overfor Suldal kommune» av 07.12.18 – frå Rogaland Revisjon IKS

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som gjer revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei grenser som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:


I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagde fråsegn, der revisor Tore Kirstensen gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at revisor ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Suldal kommune. Fråsegna vert gitt på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring frå registrert revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Aksdal, 07.02.19



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Vår saksbehandler:
Tore Kristensen

Vår dato:
07.12.2018

Vår referanse:

Side:
1 av 3

Til kontrollutvalget i Suldal kommune

Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet overfor Suldal kommune

Lov- og forskriftskrav

I henhold til forskrift om revisjon (revisjonsforskriften) § 12 skal oppdragsansvarlig revisor for kommuner ha ført en hederlig vandel. Oppfølging av dette kravet tilligger kontrollutvalget, jamfør merknader til nevnte bestemmelse.

I følge revisjonsforskriften § 15 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget.

Følgende fremgår av kommuneloven § 79:

Den som foretar revisjon for en kommune eller fylkeskommune kan ikke ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller dennes nærstående har en slik tilknytning til revidert eller kontrollert virksomhet, dens ansatte eller tillitsmenn, at dette kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet. Som nærstående regnes

- ektefelle og en person som vedkommende bor sammen med i ekteskapsliknende forhold,
- slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken, og deres ektefeller eller personer som de bor sammen med i ekteskapsliknende forhold og
- slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken til en person som nevnt under bokstav a).

Det samme gjelder dersom det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av oppgavene. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i en interkommunal samarbeidsordning, medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

Krav til uavhengighet er nærmere spesifisert i revisjonsforskriften § 13.

- Revisor kan etter denne forskrift ikke inneha andre stillinger hos kommunen eller fylkeskommunen eller i virksomhet som den kommunen eller fylkeskommunen deltar i ved siden av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i.
- Revisor kan ikke delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiverne eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon.



I tillegg er det følgende begrensninger ved gjennomføring av oppgaver, jf. revisjonsforskriften § 14:

- revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
- revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
- revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven.

Oppdragsansvarlig revisors vurdering av uavhengighet

Pkt 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i Rogaland Revisjon IKS.</i> <i>Rogaland Revisjon IKS har avtale med Cicel T. Aarrestad, enkeltmannsforetak, org. nr. 962493785, som reviderer oppdrag etter revisorloven hvor IKS-et ikke kan ha oppdraget. Selskapet leier ansatte i Rogaland Revisjon IKS iht. egen avtale, slik at ansatte kan få relevant praksis og dermed sin autorisasjon. – Under avvikling.</i>
Pkt 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organ i noen virksomhet som Suldal kommune deltar i.</i>
Pkt 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har slik tilknytning til Suldal kommune at det har betydning for uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	Før slike tjenester utføres, foretas det en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt. Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand, og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger. <i>Undertegnede har ikke ytt rådgivnings- eller andre tjenester overfor Suldal kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i>



Pkt 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede har ikke ytt tjenester overfor Suldal kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Suldal kommune..</i>
Pkt 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til uavhengighet og objektivitet.</i>

Stavanger, 07.12.2018
Rogaland Revisjon IKS



Tore Kristensen
Registrert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	14.02.19	06/19

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Saksvedlegg: framlegg til årsmelding for 2018

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt. 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2018 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2018 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan en total oversikt over alle saker til handsaming.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2018 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 07.02.19

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET I SULDAL



ÅRSMELDING

2018

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2018.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Det vart i 2011 bestemt at kontrollutvalet skulle auke talet på medlem til fem ifrå valperioden 2011-2018.

For perioden 2015-2019 valde kommunestyre hausten 2015 følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar	Vanja Ignjatic (H)
Nestleiar	Tormod Skeie (SV)
Medlem	Otto Underbakke (H)
Medlem	Eldbjørg Sivertsen (Krf)
Medlem	Heine Mo Willig (SV)

Varamedlemer:

- 1. Sigrunn Vetrhus (Sp)**
- 2. Silje Helen Færøy (Ap)**
- 3. Olav Martin Skaar (V)**

Heine Mo Willig gjekk ut av utvalet 18.10.16 då han fekk fast tilsetjing i E-verket. Berit Myrland blei vald som nytt medlem. Mo Willig var utvalet sin kommunestyrerepresentant. Det er ingen frå utvalet som er fast medlem i kommunestyret. Utvalsleiar er varamedlem.

Utvalet består no av følgjande medlemmer:

Faste medlemmer:

Leiar	Vanja Ignjatic (H)
Nestleiar	Tormod Skeie (SV)
Medlem	Otto Underbakke (H)
Medlem	Eldbjørg Sivertsen (Krf)
Medlem	Berit Myrland (SV)

Varamedlemer:

- 1. Sigrunn Vetrhus (Sp)**
- 2. Silje Helen Færøy (Ap)**
- 3. Olav Martin Skaar (V)**

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har ikkje delteke på nokon av møta i 2018. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han, eller andre frå administrasjonen har delteke i alle møta.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2018

Kontrollutvalet har i 2018 hatt **4** (4) møte fordelt på to møte første halvår og to møte andre halvår. Møta i kontrollutvalet er opne i tråd med kommuneloven og kontrollutvalet sitt reglement.

Utvalet har hatt **24** (22) saker til handsaming, kor **5** (4) saker blei oversendt til kommunestyret. **36** (34) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker handsama av utvalet og saker lagde fram til orientering.

Berit Myrland deltok på FKT sin fagkonferansen på Gardermoen 29. – 30. mai 2018.

Berit Myrland, Tormod Skeie og Eldbjørg Sivertsen deltok på haustkonferansen i Sandnes 22.11.18 i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk.

I møte 26.04.18 handsama kontrollutvalet kommunen sin årsrekneskap for 2017. Utvalet gav følgjande uttale til rekneskapen:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 14 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 48,2 millionar kroner. Det utgjer 8,9 %, som er godt over tilrådd nivå på 1,75 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2017 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.17.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

I same møte handsama utvalet rekneskapen til Suldal Elverk KF, og gav følgjande uttale:

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2017 viser eit årsresultat på 18,5 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2017 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.17.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særrekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

Årsrapport og skatterekneskapen 2017 frå Skatteoppkrevjaren vart lagt fram til orientering i møte 01.02.18.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2019 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 14.06.16, sak 43/16.

I møtet 01.02.18, sak 03/18 blei oppfølging av rapporten om «Pleie og omsorg» handsama. Kommunestyret handsama oppfølgingssaka i møtet 22.03.18.

Kontrollutvalet handsama rapport om «Forenkling, forbetring og effektivisering» i møtet 26.04.18. Revisjonen kom med fem tilrådingar i rapporten. Administrasjonen blei gitt ein frist på 9 månader for å følgje opp

tilrådingane. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 15.05.18. og vedtok samrøystes utvalet sin innstilling.

Kontrollutvalet handsama rapport om «Oppfølging av politiske vedtak» i møtet 06.09.18. Revisjonen kom med tre tilrådingar i rapporten. Administrasjonen blei gitt ein frist på 6 månader for å følge opp tilrådingane. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 18.09.18.

Det er tinga to nye prosjekt for levering i 2019. Det er om «Eigarskapsforvaltning» og «Klima og energiplan».

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kontrollutvalet er pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2019 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 18.10.16, sak 75/16.

Utvalet har ikkje handsama rapportar frå selskapskontrollar dette året. Det er bestilt ein rapport om «Eigarskapsforvaltning» for levering i 2019.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Revisjonstenestene for kommunen blei lyst ut på anbod i 2011 og Rogaland Revisjon IKS blei vald som kommunen sin revisor frå 01.07.12.

Kontrollutvalet handsama sak om «Revisjonsordning frå 2016 – eigenregi eller kjøp av tenester» i møtet 29.04.15, sak 13/15 og gav følgjande innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre ønskjer å inngå som eigar/deltakar i interkommunalt samarbeid om revisjonstenester.

Kommunen søker om deltaking i Rogaland Revisjon IKS og bli ein del av eigarkommunane så snart det lar seg praktisk løysa. Selskapet blir dermed kommunen sin faste revisor

Kommunestyret gjekk samrøystes inn for kontrollutvalet si innstilling i møtet 19.05.16, sak 37/15.

Suldal kommune blei fullverdig eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.01.17.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor var i 2018 Cicel T. Aarrestad med kontor i Stavanger.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og det har møtt ein representant frå Rogaland Revisjon IKS på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapportar frå forvaltnings-revisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet har handsama revisor si egenerklæring, samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I møtet 06.09.18 fekk utvalet svar på innsendte spørsmål og ei orientering frå administrasjonen om den nye personvernlova (GDPR) og kommunen sitt arbeid med å implementere denne i si verksemd.

I møtet 08.11.18 orienterte rådmannen om framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan for 2019 – 2022.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2018.

TENESTE 1100	REKNESKAP 2017	BUDSJETT 2018 (utvalet)	REKNESKAP 2018
Godtgjersle og driftsutgifter	194 026	258 000	201 679
Revisjonstenester	443 880	670 000	663 447
Sekretariatstenester	167 000	172 000	172 000
Sum utgifter (eks.mva.)	804 906	1 100 000	1 037 126

Kontrollutvalet handsama hausten 2018 framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2019. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 1 182 000. Framlegget vart sendt til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 14 år. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette.

Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2018, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider der mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagde ut fortløpande.

Tormod Skeie (vara for Vanja Ignjatic) møtte som representant for Suldal kommune på representantskapsmøtet 23.04.18.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2018 har vore som planlagt. Utvalet har handsama to revisjonsrapportar og oppfølging av ein rapport. Det er tinga to nye rapportar for levering i 2019. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sand, 14. februar 2019

Eldbjørg Sivertsen

Vanja Ignjatic
Leiar

Berit Myrland

Otto Underbakke

Tormod Skeie

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 2018

Saker til handsaming:

- 01/18 Godkjenning av protokoll frå møte 09.11.17
- 02/18 Referat- og orienteringssaker 01.02.18
- 03/18 Oppfølging av revisjonsrapport – «Pleie og omsorg»
- 04/18 Årsmelding for kontrollutvalet 2017

- 05/18 Godkjenning av protokoll frå møte 01.02.18
- 06/18 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Forenkling, forbetring og effektivisering»
- 07/18 Suldal Elverk KF – uttale til årsrekneskapen for 2017
- 08/18 Suldal kommune – uttale til årsrekneskapen for 2017
- 09/18 Personvernlova – konsekvensar for kommunen
- 10/18 Referat- og orienteringssaker 26.04.18

- 11/18 Godkjenning av protokoll frå møte 26.04.18
- 12/18 Referat- og orienteringssaker 06.09.18
- 13/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Oppfølging av politiske vedtak»
- 14/18 Orientering om ny personvernlov
- 15/18 Revisor si eigenerklæring 2018
- 16/18 Plan for rekneskapsrevisjon 2018
- 17/18 Val av nytt revisjonsprosjekt
- 18/18 Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2019

- 19/18 Godkjenning av protokoll frå møte 06.09.18
- 20/18 Referat- og orienteringssaker 08.11.18
- 21/18 Orientering om budsjettframlegget for 2019 og økonomiplan 2019-2022
- 22/18 Tinging av nytt revisjonsprosjekt – «Eigarskapsforvaltning»
- 23/18 Framlegg til møteplan for 2019
- 24/18 Val av nytt revisjonsprosjekt

Saker til orientering:

1. Tilbakemelding om innkjøpsrutinar – teknisk v/rådmannen
2. Varslingsplakaten – vedtatt av kommunestyret 17.10.17
3. Statusoversikt pr. januar 2018
4. Tertialrapport pr. 31.12.17 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Årsrapport 2017 frå Skatteoppkrevjaren i Suldal
6. Oversikt over statlege tilsyn i 2018 – frå Fylkesmannen i Rogaland
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 15.12.17
8. Statusoversikt pr. april 2018
9. Kst-vedtak 22.03.18, sak 10/18 og 15/18
10. Tilbakemelding frå NKRF-konferansen i februar – v/Berit Myrland
11. Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjaren for Suldal kommune
12. Protokoll frå representantskapsmøte 18.04.18 – IKA IKS
13. Representantskapsmøte 23.04.18 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

- 14.Representantskapsmøte 25.04.18 - Ryfylke Miljøverk IKS
- 15.Representantskapsmøte 20.04.18 – Haugaland Vekst IKS
- 16.eINFO 1/18 – Redegjørelse for likestilling mv. i årsberetningen
- 17.Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarar: Teieplikt og lukka møte
- 18.NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene»– på høyring
- 19.FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene» er klår – vert presentert på FKT-konferansen
- 20.NKRF – framlegget til ny kommunelov bidrar til styrka eigenkontroll
- 21.Statusoversikt pr. september 2018
- 22.Kst. vedtak 15.05.18, sak 25/18 – rapport om Forenkling, forbetring og effektivisering
- 23.Perioderapportering/budsjett frå Rogaland Revisjon IKS
- 24.Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT)
- 25.Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18
- 26.Styremøteprotokoll 14.06.18 frå Krisesenter Vest IKS
- 27.«Tillit og kontroll – to sider av same sak ?» - frå Kommunal Rapport 15.08.18
- 28.Oppfølging av bekymringsmelding v/kommuneoverlege Hellesen
- 29.Statusoversikt pr. november 2018
- 30.Kst. vedtak 18.09.18, sak 48/18 – rapport om «Oppfølging av politiske vedtak»
- 31.Program/påmelding for haustkonferansen i Sandnes 22.11.18
- 32.Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentlighet
- 33.Kommunal rapport – svar frå professor Bernt – retten til å stille spørsmål til ordførar
- 34.Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysning av møter i folkevalgte organ
- 35.Rapport frå tilsyn med kommunens helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming – Fylkesmannen i Rogaland
- 36.Varsel om tilsyn ved Sand skule sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering – Fylkesmannen i Rogaland